



Advokatfirmaet Harris v/advflm Ingrid Årskog Storevik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/222 - 16/3370

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

22.02.2016

## GBNR 22/2 - Søknad om frådelling av 3 matrikkeleiningar - Orientering om plankrav mv

Administrasjonen viser til søknad dagsett 20.1.16 om løyve til frådelling av 3 parsellar i Meland kommune. Søknaden er journalført motteke 25.1.16, **arkivsakid 16/222**.

Parsell nr 1 og 2 gjeld større parsellar som er avsett til framtidig bustadområde i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Parsell 1 ligg innanfor område B\_8 og parsell 2 innanfor område B\_9.

Parsell nr 3 gjeld frådelling av naustparsell til uendra bruk innanfor naustområden NA\_4, Mjåtveit. Denne søknaden blir behandla gjennom eige sak/vedtak, **arkivsakid 16/543**. Kommunen har delt sakane då dei gjeld ulike areal og delvis ulik prosess, jf nedanfor. Føreliggjande orienteringsskriv er journalført i begge sakene.

### Plankrav:

Administrasjonen informerer om at frådelling av areal innanfor byggeområda B\_8 og B\_9 ikkje kan godkjennast utan at det ligg føre reguleringsplan for området eller det blir søkt om og gitt dispensasjon frå plankravet, jf føresegn 1.2.1 til KPA.

Plankravet gjeld for alle søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova, mellom anna deling av eigedomar. Kommunen kan ikkje gi dispensasjon utan at det ligg føre grunngjeve søknad, jf pbl kap 19. Dersom tiltakshavar søker om dispensasjon, kan administrasjonen etter ei førebels vurdering ikkje sjå vesentlege motføresegn mot dette, og det vil heller ikkje bli stilt krav om ny nabovarsling.

Administrasjonen ber om tilbakemelding til dispensasjonsspørsmålet innan **15.3.16**.

### Nabomerknader:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Kommunen har mottatte nabomerknader på vegne av Torunn Elin Solberg v/advokat Knut-Johan Onarheim, sjå vedlegg. Kommunen kan ikkje sjå at søknaden inneheld nabomerknader frå Ingunn Benjaminson og Terje Solberg, slik det er vist til frå advokat Onarheim.

Administrasjonen ber om at merknadene blir kommentert innan **15.3.16**.

Ved spørsmål i saka kan Juridisk Rådgjevar Tore Johan Erstad kontaktast direkte på telefon 56 17 11 69.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Merknad til nabovarsel frå GBNR 22/2

**Mottakere:**

Advokatfirmaet Harris v/advflm  
Ingrid Årskog Storevik